

# Årsberetning Skigruppa Lærdal Idrettslag for 2023

Skigruppa har i år 2023 bestått av:

- Kasper Nedrehegg – Leiar
- Ingvild Erstad - Styremedlem
- Heine Johannes Linga- Løypeansvarlig
- Nils-Arild Neshagen – Løypeansvarlig 2
- Ida Rudningen – Cuprennansvarlig
- Liv Romøren - Kasserar
- Nils Sletten – Styremedlem
- Sarah Asklund – Styremedlem
- Marta karoline Jansen – Styremedlem
- Birgit Lunde, Linda Linga, ansvarleg Maristovedilten

## Generelt

2023 har vore eit år med gode snøforhold men varierte værforhold.

Som i fjor arrangerte me renn som telenorkarusell i regi av Norges skiforbund.

Sesongen vart prega av gode snøforhold, og me har fått gjennomført 4 av 4 renn med totalt 43 individuelle deltagara. Jamn deltagelse i år.

Renn nr 2 vart gjennomført saman med barnas turlag på «kom deg ut dagen». Dei serverte pølser til alle born etter målgang, dessverre var været noko ruskete og oppmøte deretter.

Alle renn er gjennomført på Maristova på grunn av anleggsarbeidet på Kvamme.

Det vart køyrd løype heilt til brøytestasjonen, 4km tur/retur, men flest deltagara var i 2 og 3km klassene samt kortløypa for dei minste.

Premieutdeling vart gjennomført 20 april, i felleskap med barneidretten. Det vart levert ut premiar, og enkel servering av pølser og kaker.

På Maristovedilten var det 192stk som tok turen, bra oppmøte i år.

Det vart gjort utvida vedlikehald på tråkkemaskina før sesongen starta, med byte av hjul og vindauge, samt generell service.

## **Medlemstal**

Registrerte deltagarar på Klubbadmin er 60, litt fleire enn antall individuelle deltagara i fjar, så her er me bra oppdatert no.

Maristovedilten er ikkje registrert som eigen aktivitet. Dette er ikkje gjort då dei fleste av startande ikkje er registrert på klubbadmin. Totalt aktive i skigruppa og Maristovedilten er anslagsvis litt over 200 personar frå alderen 2år og oppover.

## **Aktivitetar**

### **Cuprenn**

Det var planlagt og gjennomført 4 cuprenn i 2023

Maristova 22. januar:	22 stk
Maristova 05. februar:	28 stk
Kvamme 19. februar:	19 stk
Maristova 05. mars:	22 stk

Totalt 43 individuelle deltagarar, ein relativ stor nedgang frå 2022.

### **Maristovedilten**

Dilten vart gjennomført laurdag 2. september og samla som vanleg mykje folk. Bra vær i år, og 192 deltagarar gjennomførte turen frå Kyrkjestølen til Maristova. Flott at så mange tok turen. Komiteen består av Birgit Lunde, Linda Linga. Det vart prøvd å sette opp returskyss frå Maristova til Kyskjestølen utan at det vart ein stor suksess, vurderast å prøve eit år til.

### **Skibuss**

Gjennomført av Lærdal Kommune, kulturavdeling frå februar for 2023.

### **Løypeforhold**

Lysløypa på Kvamme var ikkje satt i stand, samt at jordet var i bruk til lagring sesongen 2022/2023, det vart difor dugnad og renn på Maristova denne sesongen også.

### **Telenorkarusell**

Me var i 2023 arrangørar av telenorkarusellen i regi av norges skiforbund. Me fikk sponsa startnummer, samt deltagarpremie.

### **Oppsummert**

Ein god sesong med 4 av 4 renn gjennomført.

Mykje unge deltagara, noko skileik og ei suksessfull gjennomføring av «kom deg ut dagen» saman med barnas turlag til tross for noko dårlig vær.

Noko skileik arrrangert, her har me meir å gå på.

Bålpanne fører til sosialt og at folk er lengre tilstades på renn.

Flott oppmøte på Maristovedilten i år.

Kasper Nedrehegg, leiar - Borgund 18.01.2024